

Hammar-Kameratane As
Hella 60
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4312 - 22/84423

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
05.11.2022

Endringsvedtak - einebustad - gbnr 424/324 Bø

Administrativt vedtak: **Saknr: 1251/22**
Tiltakshavar: Elin Therese Stevnebø
Ansvarleg søker: Hammar-Kameratane As
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK

Søknad om endring av løyve datert 02.07.2022 vert godkjent. Endringa gjeld planeringshøgd, topp støypt golv og topp mønehøgd. Tomten vert planert på kote +15,7. Bustaden vert etablert med topp golv kote +16 og topp mønehøgd +21,2.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1a, jf. § 20-3 .

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av einebustad , jf. vedtak datert 07.02.2022. Endringa gjeld planeringshøgd, topp støypt golv og topp mønehøgd.

Ansvarleg søker har opplyst følgjande:

Det søkjast om endring av mønehøgde frå +20,2 til +21,2 (støypt golv i hovudetasje frå +15 til +16).
Sjå vedlagte teikningar.

Her er det rett og slett eg som har blingsa, har greidd å sende feile teikningar inn til dykk (Alver Kommune).
Me hadde ein nabovarselrunde med desse første teikningane, før dei vart revidert og det var sendt ut nytt varsel med reviderte teikningar (ref. teksten frå C-4 i søknaden; "opplysningar gitt i nabovarsel").
Altså er det teikningane som her ligg ved, med mønehøgde +21,2 og støypt golv i hovudetasje +16 som er nabovarsla.

Det vert elles vist til søknad mottatt 04.11.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.11.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.03.2022.

Det er no søkt om topp golv hovudetasje på kote +16 og mønehøgde på kote +21,20.
Det er søkt om planeringshøgde på kote +15,70.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Tilkomst, avkørsle og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadsplichtig etter plan- og bygningslova (tbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslas i samsvar med tbl. § 21-3.
- Krav til visuelle kvalitetar i tiltaket går fram av tbl. § 29-2.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. tbl. § 29-5.
- Krav til avfallsplan følgjer av TEK § 9-6.
- Krav til skildring av miljøsanering følgjer av TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon, jf. tbl § 19-2 andre ledd, men bør ikkje gi dispensasjon når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. tbl § 19-2 fjerde ledd.
- Kommunen kan setje vilkår for ein dispensasjon, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. tbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf.tbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnehene føre løvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf.tbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/4312

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Elin Therese Stevnebø Hammar-Kameratane As	Bøvågen 51a Hella 60	5937 5936	BØVÅGEN MANGER
---	-------------------------	--------------	-------------------